



Alver kommune Plan og byggesak
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Referanser:

Dykkar: 323d84b0-a912-4fbd-a2e6-39dfdc5b9209

Vår: 22/5891 - 22/64924

Saksbehandlar:

Irene Wilhelmsen

irene.wilhelmsen@alver.kommune.no

Dato:

29.08.2022

Uttale søknad om ferdigattest - gbnr 477/79 Solheim Vestre

For att vegavdelinga skal kunne sei noko i forhold til ferdigattest må vi som minimum ha vore på synfaring på staden. Koordinatar av innmålingsdata seier lite om vegen er bygga på ein slik måte at den er ferdigstilt for kommunal overtaking til drift og vedlikehald.

Utbyggjar må sjølv kalle SVVA inn til ei synfaring på staden. Då kan vi sjekka om det er bygga i samsvar med plan og og kva utbetringar som evt. trengs for at ein kan sei at vegen er ferdigstilt i samsvar med kriterie for offentlig veg.

Det er viktig at utbyggjar vert gjort merksam på at ferdigattest ikkje er einsbetydande med at kommunen overtek til drift og vedlikehald!

Eit kart som viser oppmålt vegareal med skilje mellom veg, grøft/anna vegareal skal ligge føre. Dokumentasjon på vegoppbygging skal ligge føre. Dekkeleggingsrapport som fortel kva massar som er brukt og tjukkelsen på denne massen skal ligge ved som del av FDV dokumentasjon. Er det veglysanlegg langs vegen? FDV for veglysanlegg skal og ligge føre. Innmålte mastepunkt, ledningstrasse, tennskapp innhald og plassering, trekkelister, stolpetype, armaturtype, koplingsskjema etc. Slik dokumentasjon ligg ikkje ved til denne uttalen.

Med helsing

Alver kommune Samferdsel, veg-, vatn- avløp-
forvaltning

Arne Helgesen
Avdelingsleiar

Irene Wilhelmsen
Ingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Anders Brakvatne
Ole Kristian Rolland

Mottakarar:

Alver kommune Plan og byggesak Postboks 4 5906 FREKHAUG